



Arkivnr: 2014/24367-11

Saksbehandlar: Hanne Espe

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		08.06.2016

Prosjektilskot sykkel og psykisk helse

Samandrag

Fylkestinget 8.12.2015 løyvde kr 150 000 ekstra i budsjett for 2016 til arbeid innanfor idrett, psykiatri og rus.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling gjorde i møte 19.01.2016 følgjande vedtak om delegasjon til fordeling av midlar på nokre budsjettpostar knytt til m.a. idrett og friluftsliv; Post 400.420: 1. Støtte til regionale arrangement for mennesker med nedsett funksjonsevne - psykiatri/rus og psykisk utviklingshemma/ partnerskap for folkehelse kr 156.000

Utdrag frå saka: *I 2016 ønskjer fylkeskommunen å initiere 1-2 nye aktivitetsarrangement i andre regionar.*

Kommunar/regionar og institusjonar vil verte invitert til samrådsmøter for å kartlegge ressursar og interesse. I tillegg foreslår fylkesrådmannen å initiere eit samarbeid med Norges Cykleforund region vest knytt til sykkelprosjekt fram mot sykkel VM 2017. Det vert lagt fram eiga sak om dette for utval for kultur, idrett og regional utvikling.

NCF Region Vest er eit organisasjonsledd som omfattar alle sykkelklubbane i Hordaland og Sogn og Fjordane. Dei jobbar med å utvikle sykkelporten i regionen på tvers av klubbane.

Det vert søkt om tilskot til å starte prosjekt retta mot psykiatrien i Hordaland. Dei ser på sykling som noko meir enn berre det reint sportslege. Dei ønskjer å synleggjer helsefremmande effektar, og ønskjer å få folk i aktivitet på sykkel, både som mosjon og som transport.

Hordaland fylkeskommune ser dette arbeidet i samanheng med andre regionale tiltak for målgruppa. Det vert jobba med å utvikle tilbodet både gjennom fornying av tilbod og ved å legge aktivitetar til nye stadar med nye samarbeidspartar. Det har vore samtalar om nye tiltak både i Kvinnherad og på Bømlø, men dette vert ikkje aktualisert i inneverande år. Vinterfestivalen i Myrkdalen vart dessverre avlyst i 2016 grunna eit konkurrerande aktivitetsarrangement for same målgruppa.

Målet for prosjektet med sykkel og psykisk helse er å løfte aktivitetsnivået til dei som slit psykisk, til eit nivå kor dei hentar ut dei positive effektane. Innanfor målgruppa vil det vere ulike målsetningar. For nokon av gruppene er målet å komme seg i aktivitet i det heile teke, medan for andre grupper vil det kanskje bli konkrete mål som fullføring av eit turritt.

Prosjektet kan sjåast i samanheng med satsing på kvardagssykling og sykling i eit folkehelseperspektiv som er ein viktig del av opptrappinga mot Sykkel VM i Bergen 2017.

Det vert søkt om kr 150 000,- til gjennomføring av prosjektet i 2016, og oppmoding om å sette av kr 50 000,- til innkjøp og drift av racersykler som treningsgruppa kan nytta seg av.

Forslag til vedtak

1. Det vert løyvd kr 150 000 ,- til prosjektet Sykkel og psykisk helse. Prosjektet vert sett som ein del av ei heilskapleg satsing på sykkel i eit folkehelseperspektiv med psykiatrien i Hordaland som spesifikk målgruppe. Hordaland fylkeskommune føl opp prosjektutviklinga gjennom deltaking i prosjektgruppe.
2. Det vert løyvd kr 50 000,- til innkjøp og drift av utstyr til prosjektet. Desse midlane vert omdisponert frå tidlegare vedteken løyving til Voss kommune for Vinterfestivalen i Myrkdalen som vart avlyst i 2016.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør, kultur, idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 09.05.2016

Fylkestinget 8.12.2015 løyvde kr 150 000 ekstra i budsjett for 2016 til arbeid innanfor idrett, psykiatri og rus.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling gjorde i møte 19.01.2016 følgjande vedtak om delegasjon til fordeling av midlar på nokre budsjettpostar knytt til m.a. idrett og friluftsliv; Post 400.420: 1. Støtte til regionale arrangement for mennesker med nedsett funksjonsevne - psykiatri/rus og psykisk utviklingshemma/ partnerskap for folkehelse kr 156.000

I utdrag frå saka vert arbeidet med målgruppa vidare definert og konkretisert, slik; Aktivitetane vert planlagt og gjennomført i eit samarbeid mellom ulike aktørar. Kr 250.000 er avsett til psykiatri/ rus og partnerskap for folkehelse i budsjettet. I tillegg vert kr 100.000, som Hordaland fylkeskommune årleg får tilført etter søknad til Helse Bergen, nytta til å styrke arbeidet med unge innan psykisk helsevern. Totalt kr 350.000.

Fylkesrådmannen tilrår å tildele midlar til følgjande regionale aktivitetsarrangement:

- Vinteraktivitetsdag på Sjusete og sommeraktivitetsdag i Strandebarm for utviklingshemma, Kvam herad kr 56.000*
- Camp Herdla for psykiatrien i Hordaland, Askøy kommune kr 50.000*
- Vinterfestivalen for psykiatrien i Hordaland i Myrkdalen, Voss kommune kr 50.000*

I 2016 ønskjer fylkeskommunen å initiere 1-2 nye aktivitetsarrangement i andre regionar. Kommunar/regionar og institusjonar vil verte invitert til samrådsmøter for å kartlegge ressursar og interesse. I tillegg foreslår fylkesrådmannen å initiere eit samarbeid med Norges Cykleforund region vest knytt til sykkelprosjekt fram mot sykkel VM 2017. Det vert lagt fram eiga sak om dette for utval for kultur, idrett og regional utvikling.

NCF Region Vest er eit organisasjonsledd som omfattar alle sykkelklubbane i Hordaland og Sogn og Fjordane. Dei jobbar med å utvikle sykkelporten i regionen på tvers av klubbane.

Dei søker om tilskot til å starte prosjekt retta mot psykiatrien i Hordaland. Dei ser på sykling som noko meir enn berre det reint sportslege. Dei ønskjer å synleggjer helsefremmande effektar, og ønskjer å få folk i aktivitet på sykkel, både som mosjon og som transport.

Det vert søkt om kr 150 000,- til gjennomføring av prosjektet i 2016, og oppmoda om å sette av kr 50 000,- til innkjøp av racersyklar som treningsgruppa kan nytta seg av.

Prosjektet kan sjåast i samanheng med satsing på kvardagssykling og sykling i eit folkehelseperspektiv som er ein viktig del av opptrappinga mot Sykkel VM i Bergen 2017.

Målet er å motivere dei som slit med psykiske helseplagar til å nytte fysisk aktivitet, nærare bestemt sykkel, til å betre sin eigen situasjon og helse. Det å vere i aktivitet er godt for både kropp og sjel, og det å sykle treng ikkje vere særleg fysisk krevjande, og difor er dette ein aktivitet som er lett å komme i gang med. Det trengs noko utstyr, tilrettelegging og motivasjon i starten.

Samarbeid med institusjon

Tanken er å etablere treningsgrupper som møtast jamleg saman med instruktør. Det vert lagt opp til eigne fellestreningar med berre jenter. Instruktør vil då vere kvinne. Undervegs kan dei som vil prøve seg i open klasse på Ikea Cup, ein rittserie som går på lukka område ved Ikea i Åsane. Det er ei lett løype som alle kan meistre.

Ved vedtak i juni vil prosjektet kunne vere i gang i sommar. Sandviken Sjukehus er ein aktuell institusjon for oppstart. Her kan ein t.d. starte med Fjellveien som utgangspunkt. Når gruppa er godt i gang og ein kan sjå effektar av tiltaka, kan ein bruke deltakarane som døme/referansar i

dialogen med nye institusjonar for å danne nye grupper. Prosjektgruppa vil følgje opp denne prosessen og evaluere undervegs.

Det vil truleg gå eit par månader før ein har samla tilstrekkeleg med erfaringar, men ein førebels status kan gjerast opp tidleg på hausten. Prosjektet kan då utvidast, og det kan etablerast fleire grupper.